

2.april 2014

Ordførarane i Nordhordland

Innbyding til markering av Fridomsdagen/Veterandagen 8. mai 2014

Som de veit har Regjeringa bestemt at denne dagen skal markerast som Fridoms/veterandag.

Nordhordland Forsvarsforeining laga til ei slik tilskipping i fjor (2013). Dette var på Eknesvågen i Lindås kommune, ei svært vellukka tilskipping (sjå www.nordhordland.no.) NHLFF sto som tilskipar i samarbeid med Eknesvågens venner og Lindås Kommune. Dette året samarbeider med med Vestnorsk utvandrarsenter på Sletta og Radøy Kommune. Tanken vidare er at me skal laga til ei slik tilskipping kvart år vidare i samarbeid med ein av kommunane i nordhordland og ei lokal foreining/institusjon.

Me innbyr spesielt alle Veteranar frå Forsvaret – frå Tysklandsbrigaden og seinare FN-veteranar. Sjølv sagt også eventuelle veteranar frå 2.verdskrigen og også krigseglarar.

Program for dagen: Minnestund og korte talar i kyrkja på Sletta med kransnedlegging ved 2 av minnestøttene som står der. Dette vert ved tidlegare Fylkesmann S. Alsaker og ein rep. frå forsvaret. Song og musikk ved Radøy kultur/musikkskule.

Etterpå vert det servering og kulturinnslag i Samfunnshuset Skogen. Her vert det høve til korte helsingar.

Programmet startar i Kyrkja kl. 17.00. (detaljert program vert tilsendt sendt seinare).

Nordhordland Forsvarsforeining vonar at De som Ordførarar i ein av nordhordlandskommunane har høve til å vera med på denne tilskippinga.

Me vil gjerne ha ei tilbakemelding om kven som kjem seinast 30. april.
Vel møtt!

Med helsing
Nordhordland Forsvarsforeining

Atle Bondevik
Formann